



## KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

**Møtedato:** 22.02.2016  
**Stad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset  
**Kl.:** 09.00 – 13.00  
**Tilstade:** Arild Tveranger (leiar), Astrid Nordanger (nestleiar), Sven Olav Saltnes (vara), Siv Beate Marøy (vara) og Arne Manger (vara).  
**Innkalla:** Rådmann Jarle Landås (til sak 04/16) og ordfører Jon Askeland (til sak 05/16 og 06/16)  
**Revisjon:** Revisjonssjef Reidar Bjørsvik  
**Sekretær:** Tonje Husum Aarland  
**Forfall:** David Pletten Aasgard (medlem), Cyril Marøy (medlem) og Ane Ottesen (medlem)

.....

### **06/16 Plan for forvaltningsrevisjon**

Saksvedlegg: Overordna analyse, grunnlagsdokument for plan for forvaltningsrevisjon januar 2016

I følgje kommuneloven § 77 pkt. 4 skal det gjennomførast forvaltningsrevisjon. I forskrift om kontrollutval står det i §10 at kontrollutvalet skal utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon som kommunestyret vedtek. Kommunestyret kan gi fullmakt til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Kontrollutvalet har fått tilsendt ein overordna analyse for kommunen, med forslag til aktuelle område for forvaltningsrevisjon. Ut i frå dagens ressursituasjon, vert det antyda at kontrollutvalet kan prioritere 2- 3 område for forvaltningsrevisjon i kommunestyreperioden.

Med bakgrunn i denne analysen var der følgjande forslag til område som kunne vere aktuelle for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp?
- Vedtaksutforming – stettar dei formkrava i lov og regelverk? Har kommunen godt nok grunnlag når vedtak vert fatta? Korleis er kvalitetssikringa?
- Arkivtenesta: rutinar og organisering
- Status for kommunale planar – vurdering av prosess og måloppnåing
- Innkjøp – korleis er innkjøpsprosessen organisert i kommunen. Regelverk, rutinar, ansvar og rollar
- Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov
- Kommunen som skuleeigar
- Skulefritidsordning (SFO) – ressursbruk, omfang og kvalitet på tenesta
- KOSTRA – kvalitet på rapporteringa frå kommunen
- Miljøplanlegging i kommunen
- Økonomistyring (er sett på i perioden 2003 – 2007)
- Investeringsprosjekt – organisering, ansvar, prosjektstyring
- Barnehageområdet - korleis forvaltar og driftar kommunen dette tenesteområde
- Barnevern

- Korleis sikrar kommunen at dei får del i dei aktuelle øymerka tilskotta
- Korleis sikrar kommunen at dei får inn dei salsinntektene (kan vere foreldrebetaling SFO og barnehage, vatn og avløp) som dei har krav på
- Byggesak/plan, organisering m.m.

Kontrollutvalet vurderte dei ulike temaområda og gjorde ei heilskapleg prioritering.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ønskjer å prioritere følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Kommunen sin satsing på «tidleg innsats» i oppvekstsektoren.
- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at politiske vedtak vert følgt opp?

Kontrollutvalet ser det som naudsynt at ein kan foreta endringar i dei prioriterte prosjekta i planperioden og eventuelt komme inn med nye prosjekt dersom det er meir aktuelt. Omfanget av prosjekta vert bestemt ut i frå revisjonen sitt timetal til rådighet for forvaltningsrevisjon, denne er for Radøy kommune estimert til ca. 1250 timer i løpet av perioden. Forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta i Radøy kommune er bestilt etter vedtak i kommunestyret.


**Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:**


Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Kommunen sin satsing på «tidleg innsats» i oppvekstsektoren.
- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at politiske vedtak vert følgt opp?

Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom det skulle vere meir aktuelt.

Manger, 22. februar 2016

  
Arild Tveranger/leiar

  
Tonje Husum Aarland/sekretær